



Maskinsjef
OLAV MYKLEBUST
er slutta

Olav heiter han, og smilte gjorde han sikkert då han vart fødd — i motsetning til Bjørnsons Øyvind, som gret ved det høvet. Ja, smilande og blid har han i alle fall vore den tida han har tenestegjort i HSD, og det er lenge — nære på 40 år, bortsett frå tida han gjekk på maskinistskule og ei tid i utanriksfart.

Det var i Myklebust (Kvinnherad) han kom til verda, 12. desember 1911. Då han kom til HSD første gong i mai 1935, som einemaskinist på M/S «Kinsarvik», hadde han ca. 4 års fartstid med «Lønningdal II» og løyst såkalla grønt sertifikat. Det er maskinsertifikat som dei for i tida kunne få på grunnlag av berre praksis.

Olav Myklebust er motormaskinist, og har berre vore med motorskip her i selskapet — frå den minste til den største båten, «Austli» og «Sunnhordland». Innanfor desse ytterpunkta har han tenestegjort på mest alle motorskipa HSD hadde til dess det vart bygging av ei ferje eller to for året, og snøggbåtar. Dei siste har han ikkje hatt med å gjera.

Skuleåra 1939/40 og 1944/45 gjekk han på maskinistskule, og han har maskinsjefs sertifikat. Her i selskapet han han gjort teneste i alle gradene for maskinoffiserar, frå einemaskinist, 2. maskinist og 1. maskinist til maskinsjef. Maskinsjef var han frå hausten 1947, m.a. på «Hordaland», «Bremnes», «Ullensvang», «Sunnhordland», «Hardingen» og «Skånevik».

I perioden då han var maskinsjef på «Bremnes», hadde han eit avbrot på om lag 1½ år og fór i utanriksfart. Det var med ein av båtene til H. Kuhnles rederi som gjekk til Afrika og Asia. Der om bord tok han til som 1. maskinist og vart seinare maskinsjef. Då han kom tilbake på «Bremnes» var det for kollegaene grant å skjøna at han hadde opplevd mykje. Han la ut både om jungelen og svarte Afrika. Sjølv var han komen heilskinna frå opplevingane, og det kan vi så godt forstå — jamvel kannibalane hadde sikkert ikkje hug til å gjera kål på ein mann med det lure glimtet i augo og det gode smilet. Om hulahula-jentene reagerte på same måten, er vi meir i tvil om.



Etter at Olav Myklebust hadde vore maskinsjef på «Sunnhordland» frå desember 1963 til mars 1967, ynskte han å byta båt. Først vart det vel 3 mdr. med «Hardingen», og frå juni 1967 stod han om bord i «Skånevik» til han gjekk i land 12. desember 1974, på 63-årsdagen, som er aldersgrensa. Men han har så mange fridagar til gode, at han først mønstrar av i mars. Vi får kanskje høve til å sjå han att om bord i HSD-båtane, han har sagt seg viljug til å ta vikarjobb om det er aktuelt.

På Malkenes har han bygt hus, og der skal han no nyta pensjonisttilværet saman med kona. Han gler seg til å få tid til å fiska, og HSD-båtane skal han nok ha eit auge med når dei fer framom der i leia. Vi i HSD, og andre med, ynskjer han mange gode år som pensjonist.